

Landslaget for lokalaviser
Kongens gate 14
0153 Oslo

Telefon 452 89 111
lla@lla.no
www.lla.no

Organisasjonsnummer
969 970 864 MVA



Samferdselsdepartementet
Boks 8010 Dep
0030 Oslo

postmottak@sd.dep.no

Høyringsuttale om ny konsesjon til Posten Norge AS

Vi viser til brev av 28. september og takkar for å få høve til å gje uttale til innhaldet i ny konsesjon til Posten Norge AS.

Landslaget for lokalaviser er ein interessorganisasjon for om lag 110 lokalaviser, dei fleste fådagarsaviser, som kjem ut frå Svalbard i nord til Søgne i sør.

Opplaget for LLA-avisene er nær 400.000, og er relativt stabilt.

Om lag kvar fjerde abonnent held til utanfor det primære dekningsområdet. I realiteten har ikkje desse avisene noko alternativ til Posten for distribusjon av heile eller store deler av opplaget. Det same gjeld riksavisene som held til i Oslo.

Pressefridom og eit mangfald av godt fungerande medier er ein føresetnad for yringsfridom, rettstryggleik og eit levande demokrati. Mange og gode yringskanalar er ein føresetnad for reell yringsfridom.

Posten har ei svært viktig samfunnsrolle ved å ha ansvar for infrastruktur som skal sikra distribusjon av post til alle hustander i heile landet alle kvardagar. Det er heilt avgjerande at Posten forvaltar dei samfunnsplagte oppgåvene slik at innbyggjarar og næringsliv har gode rammevilkår i heile landet. Det krev god kvalitet og fornuftig pris.

Avisdistribusjon må spesifikt med under samfunnsansvaret i Postens konsesjon.

Posten har gjennomført store endringar som har hatt konsekvens for avisene.

Mellom anna endring i terminalstruktur (meir enn halvering) og skjerpa krav til merking, pakking og innlevering. Her har avisbransjen kome Posten i møte og bidratt med tiltak både for å få best muleg kvalitet og effektivisering. Det er ikkje tvil om at både arbeid og kostnad er overført frå Posten til avisene for å oppnå dette. Likevel har prisen på avisdistribusjon auka over KPI dei siste åra.

Dette kjem etter at Posten frå 2003 - 2006 gjennomførte ei kraftig opptrapping av avisportoer.

Distribusjon av post til og frå alle husstander er ein avgjerande infrastruktur for at folk skal kunna leva, trivast og ikkje minst driva næringliv i heile landet. Dette er spesielt viktig for distrikta der det ikkje er muleg med alternative distributørar, noko som spesielt gjeld på tvers av landsdeler og slik er med på å få landet vårt til å henga saman. Postnettet er for viktig infrastruktur for folk og næringsliv til at alt skal handla om bedriftsøkonomi. Dette er spesielt viktig i ei tid der ny teknologi gjer at volumet på tradisjonell post går ned. Konsesjonen må ikkje opna for at dei som er lojale og avhengige av Posten må betala meir på grunn av at Posten har redusert volum. Det er difor all grunn til å halda på avgrensinga i prisauke til fem prosent slik at dei som er avhengige av Posten ikkje skal oppleve urimeleg kostnadsvekst og dermed svekka konkurranse- og overlevingsevne. Å tillate større kostnadshevingar vil først og fremst gå ut over folk og næringsliv i distrikta som alt i dag slit med å oppretthalde aktivitet og busetnad.

Maksimalprisordninga

LLA støttar Post- og teletilsynet og samferdselsdepartementet sitt syn på at maksimalprisordninga er eit veileigna verkemiddel.

Men LLA meiner at det vil vera svært uheldig å auka grensa frå nåverande fem til foreslåtte sju prosentpoeng. Dette er svært høgt i ei tid med låg prisvekst, noko som er venta å vedvara i lang tid.

Det er urimeleg at dei kundane som er lojale og/eller avhengige av Posten skal betale endå meir for redusert postvolum på grunn av at andre finn rimelegare løysingar enn Posten. Ei avgrensing her er svært viktig spesielt for folk og næringsliv i distrikta, og dermed også lokalavisene.

Konsesjon versus eigarrolle

Vi vil også peike på at vi ser at det må vera krevjande at eitt og same departement forvaltar både eigarskap og konsesjon for Posten. Dette er eigentleg motstridande interesser, og vi vil så sterkt vi kan framheva at heile livsgrunnlaget for Posten er å syte for infrastruktur og oppfylle eit samfunnsoppdrag til beste for innbyggjarar og næringsliv i heile landet.

Hovudpunkt

Posten Norge AS si samfunnsrolle må styrkast i samband med fornying av konsesjone frå 2012. Å oppfylle samfunnsrolla må setjast over økonomisk resultatkrav.

Å ha gode posttenester til alle husstander i heile landet seks dagar i veka til ein fornuftig og pårekeleg pris er ein viktig føresetnad for busetnad og næringsliv i heile landet.

Posttenestene er slik eit viktig grunnlag for at det skal koma ut aviser i heile landet, og spesielt for lokalaviser og riksaviser er posten viktig.

Slik er posttenestene avgjerande for å nå måla om mangfald i media, reell ytringsfridom og lokalt demokrati.

LLA meiner at det er eit politisk ansvar å syte for at det i Postens konsesjonsvilkår blir tatt inn klare krav om Postens viktige samfunnsoppgåve ved å syte for at distribusjonstilbodet medverkar til å setja lokalavisene i stand til å kunne oppfylle si demokratiske rolle både i distrikts-Noreg og landet elles.

Oslo 9. november 2011

Vennleg helsing

Landslaget for lokalaviser
Rune Hetland (s)
generalsekretær